

Årsmøte i Sykkylven Rotary Klubb for rotaryåret 2023 og 2024.

Møteleiar: President Nils Arve Kjemphol.

Referent: Steven Blindhelm.

Protokoll og underskrift Hallstein Lillevik og Odd Jostein Drotninghaug

Revisor og godkjenning av rekneskap Kai Otto Roald

Gjennomgang av årsmelding frå foregåande år 2023 - 2024

Tidligere president Knut Henning Aursnes gjekk igjennom årsrapport for Rotaryåret 2023 - 2024. Han beklaga sterkt at årsrapporten var sendt ut for seint.

I rapporten opplyste Aursnes om alle leiarar for dei forskjellige komiteene.

Han nemde også RI - Presidenten R.Gordon. R McNally sitt slagord for rotary året som var Create Hope in the World .Han utfordra oss til å arbeide for fred og håp i verda.

Tysdag 05.09.2023 var det felles Guvernørbesøk på Volda Turisthotell for klubbane Sykkylven, Volda og Ørsta. Kvar klubb fekk 20 minutt til informasjon om klubben sine aktivitetar og prosjekt.

Distriktskonferanse Charlottenberg 22.09 - 24.09.2023

Her deltok det også personer frå Sykkylven Rotaryklubb.

PETS Dombås 12.03-13.03.2024.

Her deltok innkomande president Nils Arve Kjemphol.

AG og presidentforum

Aursnes fortalte at dette er ei samling for presidentar og eventuelt innkomande presidentar for dei sju klubbane på Søre Sunnmøre AG - område som Sykkylven er ein del av. Her har Greta Herje vore assisterande Guvernør for vårt område.

Medlemsmøte

I tidsrommet fra 23.08.2023 til 19.06.2024 er det gjennomført 30 møte i Sykkylven Rotaryklubb med godt og variert innhald med program.

Oppmøte for året var på 62 prosent.

Det har vore ulike medlemsmøter som til dømes:

Presidenten sin time, Guvernørbesøk, komitearbeid, klubbsaker og ego foredrag,

Sosiale samvær (juleavslutning og vårtur til Nordøyane)

Bedriftsbesøk (Brenne AS, Skaparlinken, Fellesmøte med Stranda, Dis kaffebar, Næringsfabrikken og Aure skule)

Ordinære møte med program

Dugnad i Kyrkjeparken

Knut Henning opplyste at dei gjennomførte 5 styremøte i Sykkylven Rotaryklubb 23-24.

Kjønnsfordeling i klubben: 5 kvinner og 38 menn.

Kjøkkentjeneste og servering

Klubben har oppretta eigen komite for kjøkkenteneste.

Innkommande president har ansvar for å sette opp liste. Mat blir i skrivande stund levert av Kjellaug Roald.

Møtelokala

Klubben har framleis munnleg lovnad på å kunne halde møta våre i og disponere kjøkkenet i Bibliotekkjellaren til våre faste tider. Vi har pr dags dato ingen avtale om å betale husleige.

Vårtur

Sykkylven Rotaryklubb arrangerte vårtur til Nordøyane, Finnøy og Ona. Det var felles buss frå Magerholm som kørde den nye Nordøyvegen til Finnøy.

Prosjekt og andre aktivitetar

Klubben har og har hatt desse prosjekta og aktivitetene gåande fram til no:

Speidarbo/Speidarane Økonomisk støtte	kr. 5.000,-
BUAS-Julegrantening, ikkje tent lys, lysa var øydelagt. Vurdere ny aktivitet	kr 0,-
Rusfritt arrangement russearrangement	kr 0,-
Lola Day Care Center Fast årlig bidrag, finansiert gjennom vinlotteri	kr 10.000,-
Kyrkjeparken Fast dugnad for vårklargjering	kr 0,-
TRF - The Rotary Foundation Økonomisk bidrag	kr 17.500,-
RYLA Ingen aktivitet i 2023-2024	kr. 0,-
Ungdomsutveksling Ingen aktivitet i 2023 - 2024	kr 0,-

Økonomi

For Rotaryåret 2023 - 2024 ble det eit overskot på 44 44311,41,- Eigenkapitalen er som følgje av det auka til kr 179,080,42.

Trafikkvakt

Det var fleire medlemmar i klubben som stilte opp som trafikkvakt i det farleg krysset i Ullavik. Klubben og bidrog til at barna fekk ein trygg skuleveg.

Vakt rusfritt arrangement:

Eit medlem i klubben stilte som vakt på rusfritt arrangement.

Hallgeir Lade gjekk i gjennom rekneskap for Rotaryåret 2023 - 2024.

Det blei påpeika at rekneskap og årsmelding var sendt ut alt for seint. Til neste år skal årsrapport og rekneskap sendast ut i god tid før årsmøte.

Rekneskap blei godkjent, og vil bli sendt ut til alle medlemmane snarast.

Neste president har trekt seg. Klubben nå no framover arbeide for å få på plass ein ny president innan januar månad 2025.

Referent:

Steven Blindheim

